

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20207872

Oppdragsnr

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Alver Kommune	4631	Postboks 4	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
levegen 193	349	11	0	0	Høiland Per Gjessing (Hjemmelshaver)
levegen 193	349	11	0	0	Iden Grethe (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	11.05.2020	10.00	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Klarlegging og merking av grensa mellom 349/11 og 349/93.

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent Høiland Per Gjessing Iden Grethe			Rekvisjonsdato 31.03.2020

Habilitet

Landmålaren sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga
Det er ikkje sendt varsel til eigarar av gnr 349 bnr 106 då denne grensa er klarlagt og oppmålt på kartforretning i 1995.

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
93-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
93-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
93-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur	Nytt grensemerke			
93-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Gjenfunnet og nymålt			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigarar av gnr 349 bnr 11 og bnr 93 har 31.03.2020 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av grensa mellom dei to eigedomane.

Oppmålingsforretning vart halde 11.05.2020. Ved forretninga møtte Per G. Høiland for 349/11, Asbjørn Larsen for 349/13 og Daniel Sygnowski (kom kl 10:30) for 349/93.

Grensa mellom 349/93 og 349/106 vart gått opp og justert på kart- og oppmålingsforretning i 1995. Det nordre hjørnet til 349/93 mot 349/13 vart også koordinatbestemt. Vidare var det semje om at grensa mellom 349/11 og 349/13 skulle følgja gjerdestolpar av jern.

Ifølgje skylddelingsmål for 349/93 skal eigedomen ha felles grense mot 349/13 i ei lengd av 29,10m. Den sørlege grensa til 349/93 er ifølgje skyldskiftet 16m.

På oppmålingsforretninga var partane samde om å setja ned eit nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 93-1 ved gamal jernstolpe. Punktet er felles grensepunkt mellom 349/11, 13 og 93. Det vart også sett ned eit nytt grensemerke i mur, grensepunkt 93-2 som skal utgjera grensa mellom 349/11 og 349/93. Vidare var Høiland og Sygnowski samde om å justera den vestlege grensa til 349/93 slik at grensa går i rett line i nordaustleg retning 23,23m frå grensepunkt 93-2 til nytt grensemerke i mur, grensepunkt 93-3. Her knekk lina not nordvest og går 4,92m til tidlegare nedsett grensemerke i stein i grensa mot 349/106, grensepunkt 93-4.

Grensejusteringa medfører at heile nybygget på 349/93 står på eigen grunn. Vidare vert heile biloppstillingsplassen på austsida av det gamle våningshuset på 349/11 ståande på 349/11.

Innmåling av grensepunkta viser at den sørlege grensa til 349/93 kjem nærmare løa på 349/11 enn den matrikkelførte grensa. Det vart også konstatert at nybygget på 349/93 kjem nærmare løa (og hovudvegen) enn omsøkt og synt i kartet.

Det er to hovudvilkår for å gjennomføra saka som grensejustering;

- 1: Arealet for dei involverte eigedomane kan aukast eller reduserast med inntil 5 %
- 2: Verdien av det justerte arealet kan ikkje aukast eller reduserast med meir enn grunnbeløpet i folketrygda (1G)

Den gamle grensa mellom 349/11 og 349/93 ligg som usikker grense i kartet. Ingen av dei to gamle krossane i fjell som er beskreve i skyldskiftet for 349/93 vart funne, Ved utrekning av kor mykje som er justert, legg kommunen til grunn dei matrikkelførte grensene. I sør har 349/93 fått overført omlag 28 m² frå 349/11 og avgitt omlag 23 m² til 349/11 i vest. Netto grensejustering er omlag 6 m².

Kommunen vurderar at begge hovudvilkåra for justering er oppfylt, og at justeringa er meir som eit makeskifte der avgitt og mottatt areal er omlag like stort.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa og skriva ut nytt matrikkelbrev, må eigarar av 349/11 og 349/93 godkjenna justeringa med underskrift på protokollen og returnera eit eksemplar til kommunen.

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikelbrev • klagerett og fristar

Gebyr etter matrikkellova skal etter avtale sendast eigar av 349/93.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.


.....
Eigarar av gnr 349 bnr 11 og eigarar av gnr 349 bnr 93 godkjenner med dette grensejusteringa og dei nye grensene for 349/93 som vart gått opp på oppmålingsforretninga 11.05.2020.

.....
Eigarar av gnr 349/11

.....
Eigarar av 349/93

Sted
Knarvik

Dato
18.05.2020

Underskrift


Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			